



Tore Stusdal  
Midtneset 31  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4916 - 22/59360

Saksbehandlar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
04.08.2022

## Ferdiggodkjenning av landbruksveg - gbnr. 216/1 Stusdal i Alver kommune

**Administrativt vedtak: Saknr. 822/22**

### VEDTAK:

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier ferdiggodkjenner Alver kommune omsøkt veg på gnr. 216, bnr. 1 Stusdal i vegklasse 8.**

### Saka gjeld

Vegen vart søkt om og godkjent for bygging av Lindås kommune. Vegen skal gje tilgong til utmarksbeite og støl brukt i drifta. Vegenlegget vart godkjent bygd som vegklasse 8 (enkel traktorveg) over ei strekning på om lag 1500 m.

### VURDERING:

Etter oppmoding frå tiltakshavar/grunneigar var Alver kommune v/Mikkel Bengtsson og Svein Arne Vågane på synfaring 27.07.22 saman med Tore Stusdal (eigar av gnr. 216, bnr. 1) og eigar av bnr. 2. Nyanlegget som no vert ferdiggodkjent tek til som eit «vad» frå eksisterande veg og over elva/straumen (Orfallet) mellom Øvre og Nedre Sætrevatnet. Vegen ligg fint i terrenget langs Øvre Sætrevatnet – sjå fig. 1 neste side.

Fyllingar/skjæringar er ikkje tilsådd og det er bra slik at stadbunden vegetasjon kan etablere seg. Det vil truleg vere litt erosjon frå skjeringane og ned mot vegen som første tida kan gje utfordringar kring kulvertopningane. Tiltakshavar er klar over dette og vil syte for naudsynt tilsyn/vedlikehald. Etter kvart vil skråningane stabilisere seg og problemet vil avta.

To av dei nedste stikkrenne let til å ha noko liten dimensjon, noko som vart drøfta på staden. I normaler for landbruksveier i byggschildring for traktorveg, vegklasse 7-8 heiter det at «Kulverter og

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

stikkrenner dimensjoneres etter nedbørs- og avrenningsforholdene.... Minste tillatte indre diameter er 300mm. I nedbørsrike områder og i bratt terreng anbefales det å øke minste indre diameter til 400mm.» Vidare heiter det «For stikkrenner som kun har drenefunksjon fra mindre vannlommer og små vannsig kan det tillates indre diameter ned til 150 mm.»

I dette tilfellet er det ikkje så stort vass-seg ned mot vegen og dei to aktuelle kulvertane er. Vi rår derfor til, men set ikkje krav om, at dimensjonen på dei to kulvertane vert auka. Utover dette vil vi gje ros til tiltakshavar for å ha gjennomført ei fornuftig drenering mellom anna med tanke på kor tett kulvertar er lagt og plassering av dei.



Fig. 1. Vegen går på vestsida av Øvre Sætrevatnet og opp forbi, men ikkje inn til, stølen. Over tid, når vegetasjon er etablert, vil den gli enno betre inn i terrenget.

I vedtaket frå Lindås kommune av 02.12.2019, vart det sett vilkår om at vegen skulle byggjast i vegklasse 8. Vegen er stadvis bygd med høgare standard. Vegen stettar krava til vegklasse 8.

Alver kommune finn å kunne godkjenne vegen.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier – kommentar til regelverk.  
Normaler for landbruksveier – med byggbeskrivelse

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/4916»

Med helsing  
Alver kommune Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Tore Stusdal

Midtneset 31 5994

VIKANES